

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om at generelle reglar for akvakultur i dagens akvakulturregelverk, jf. forskrift av 22. desember 2004 nr. 1799 om løyve til akvakultur av andre arter enn laks, aure og regnbogaure, også vert gjeldande for akvakultur med vasslevande plantar.
2. Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om at kompetansen til å handsame søknader om akvakultur løyve med vasslevande plantar vert delegert til fylkeskommunane. Dette inneber at fylkeskommunane vert koordinerande styresmakt, som for andre akvakultursøknader.
3. Fylkeskommunen er samd i forslaget om at det vert etablert ei ordning med depositum for etablering av akvakulturverksemd med vasslevande plantar på lik linje som den som er fastsett for blåskjelanlegg. Det er viktig at ein her finn ei balanse mellom kostnad for opprydding og det å påføre bedrifter i oppstartsfasen for stor finansiell belastning, og at beløpet ikkje vert høgare enn det som i dag er gjeldane for blåskjelnæringa.